



Vassbakk & Stol AS Avd Bergen
Morvikbotn 165
5122 Morvik

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1285 - 22/18859

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
07.03.2022

Ber om tilbakemelding på avløpsløyning brakkerigg - gbnr 498/17, 37, 40 Mellingen

Saka gjeld

Alver kommune, avdeling for miljø og tilsyn er gjort kjent med at brakkerigg på gbnr. 498/17, 37,40 Mellingen er knytt til offentlig vassverk.

Det vert vist til godkjent røyrleggjarmelding 08.07.2021-VA-sak 21/5850. Fløysand VA AS er registrert som utførande røyrleggjar.

Vi gjer merksam på at utslepp av sanitært avløpsvatn er søknadspliktig etter Forureiningsforskrifta. § 12-1.

Etablering av avløpsanlegg er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova § 20-1a , evnt. §20-1j.

De må derfor sende oss ei utgreiing om kva avløpsløyning som er nytta her, slik at vi kan få klarlagt dei faktiske forholda.

Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på forureiningslova. Vi ber i fyste omgang om utgreiing av saka.

Kva må utgreiinga innehalde?

De må greia ut om dei arbeid som er utført. Vi ber også om at de legg ved bilete som støttar utgreiinga.

De kan sende oss utgreiinga til e-postadresse post@alver.kommune.no eller per post:

Alver Kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Frist for utgreiing er 3 veker frå brevdato.

Anvendt regelverk

Du har plikt til å greia ut om det utførte tiltaket i følge Plan- og bygningslova § 31-7.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: **22/1285**.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Vassbakk & Stol AS Avd Bergen

Morvikbotn 165

5122

Morvik